

Kunnskapsdepartementet

Postboks 8119 Dep  
0032 Oslo



## Høyring - framlegg til endring i universitet- og høgskulelova

Høgskulen i Sogn og Fjordane har vurdert framlegg til endringar i Lov om universiteter og høgskoler, jf høyringsbrev 15.01.09. Høgskulen vil innleiingsvis peike på at lova etter vår vurdering framleis ikkje fullt ut er tilpassa ein styringsmodell med tilsett rektor og ekstern styreleiar.

Høgskulen har elles ikkje merknader til endringsframlegga ut over dei som gjeld endringar i NOKUT sine oppgåver og myndigheit. Høgskulen sine kommentarar knyter seg såleis til framlegg til endringar i §2.1.

NOKUT si rolle har vore forankra i universitets- og høgskulelova og eiga forskrift. Høgskulen byggjer sine vurderingar på kjennskap til NOKUT sitt arbeid primært gjennom reakkreditering av sjukepleiarutdanninga, evaluering av allmennlærer- og ingeniørutdanninga og evaluering av høgskulen sitt kvalitetssystem. Høgskulen i Sogn og Fjordane har tidlegare gitt positiv støtte til NOKUT sitt forslag til revidert kriteriegrunnlag for evaluering av universiteter og høgskular sine kvalitetssikringssystem.

Framlegg til endringar i § 2.1 i Lova legg til rette for at NOKUT får eit større handlingsrom for verksemda si. Ved å gi NOKUT større autonomi og eit vidare oppdrag, ønskjer departementet å styrke NOKUT si rolle i meir utviklingsorientert retning. Slik høgskulen ser det, er det positivt at NOKUT sitt fokus vert flytta frå kontroll mot meir utviklande rolle. Men høgskulen er skeptisk til at organet blir tillagt vidare fullmakter til å drive utviklingsarbeid knytt til andre institusjonelle og akademiske forhold ved institusjonen.

### Kommentarar til forslag til endringar i §2.1

#### §2.1 første ledd

Høgskulen merkar seg at lovteksten er endra frå at NOKUT skal vere eit "fagleg uavhengig statleg organ" " fagleg uavhengig statleg **forvaltningsorgan**". I høyringsdokumentet vert det presisert at dette er ei vidareføring av NOKUT si rolle, og at departementet framleis ikkje kan overprøve NOKUT sine faglege vurderingar. Slik høgskulen oppfattar det, kan lovendringa forsterke NOKUT si rolle som forvaltningsorgan slik at organet får vidare fullmakter. Høgskulen er skeptisk til dette dersom det fører til at oppgåver vert flytta frå departementet til eit uavhengig organ som og har tilsynsansvar for mange av dei same oppgåvene.

Vår dato  
18.02.2009

Vår referanse  
2009/94 - 988/2009

#### §2.1 andre ledd

Høgskulen sluttar seg til formuleringa av formålet med NOKUT si verksemd. Høgskulen meiner at denne paragrafen er tilstrekkeleg til å ivareta dei fullmakter organet har bruk for i arbeidet. Denne paragrafen samsvarar godt med dei oppgåvene NOKUT har i noverande lov og forskrift.

#### §2.1 tredje ledd

Høgskulen har ingen innvendingar til denne paragrafen som vi oppfattar som ei vidareføring av NOKUT sine sentrale oppgåver. Høgskulen merkar seg at oppgåvene vert omtalt som tilsynsoppgåver, og legg i det noko ut over kontrollaspektet i NOKUT si verksemd. Høgskulen meiner det gir organet eit breiare perspektiv i arbeidet, og at det er tilsyn innanfor dei rammene denne paragrafen listar opp som vil vere eit høveleg nivå for NOKUT sitt arbeid.

#### §2.1 fjerde ledd

Forslaget gir NOKUT heimel for å setje i gang ulike tiltak, til dømes gjennom å be om utgreiingar eller gå i meir aktiv dialog med institusjonar i samband med akkrediteringsprosessar. Eit breitt spekter av verkemiddel kan nyttast i arbeidet for å føre kontroll og tilsyn med kvaliteten i utdanningane. Departementet ønskjer og at NOKUT på sikt i større grad innhentar, systematiserer og analyserer informasjon om kvalitetsarbeidet i sektoren for å formidle dette tilbake til sektoren. Bandet mellom NOKUT og institusjonane bør etter departementet si meining styrkast.

Høgskulen er i utgangspunktet positiv til bruk av felles kunnskap om kvalitetsutvikling, men vi er usikre på om det er NOKUT som skal ha ei nasjonal rolle i dette arbeidet. Høgskulen meiner det ikkje er ønskeleg å gi NOKUT fullmakter som kan påføre institusjonane nye rapporteringskrav eller nye utgreiingsoppgåver. Høgskulen meiner denne paragrafen gir NOKUT fullmakter og rammer ut over det som er ønskeleg, og vil rå til at paragrafen går ut. Høgskulen meiner paragrafen kan opne for at NOKUT si rolle blir breiare og meir omfattande enn det som vil vere naturleg for eit kontrollorgan.

#### §2.1 femte ledd

Departementet foreslår her å lovfeste at NOKUT skal hjelpe institusjonane i deira utviklingsarbeid. Slik paragrafen er formulert gir den NOKUT eit svært vidt mandat. Framlegget opnar opp for at dette kan gjelde ulike institusjonelle og akademiske forhold ved institusjonen, ikkje berre det som gjeld kvalitet i utdanningane. Høgskulen er skeptisk til ei blanding av rollar, dersom banda blir for tette mellom NOKUT og institusjonane.

Med helsing

*Aase Løkeland*  
for Aase Løkeland  
Rektor

*Kari Thorsen*  
Kari Thorsen  
Seniorrådgjevar